



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Indre Sogn

Postboks 122

6851 Sogndal

Sogndal, 14.04.2009

Kultur- og kyrkjedepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Høyringsuttale, Indre Sogn prosti, ” Pilegrimsmotivet – eit nasjonalt utviklingsprosjekt”

Utgreiinga frå Kyrkje- og kulturdepartementet er eit viktig dokument som samlar mykje av det pilegrimsarbeidet som har vokse fram dei siste åra.

Frå vår ståstad i Indre Sogn vil vi nemna dei tradisjonane som er knytt herifrå til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Utgreiinga nemner Valdresvegen til St. Thomaskyrkja, mellom dei andre pilegrimsvegane, men vi saknar at vegen frå Vest over Filefjellet ikkje er med omtalen av pilegrimsmotivet i Sogn og Fjordane, og at det ikkje er omtale av vegar frå Vestlandet/Bergen over Filefjellet og Sognefjellet til det nasjonale pilegrimsmålet Nidarosdomen.

Vestvegane til Nidaros er viktige i eit heilskapleg bilete, og lokalt frå Sogn har det også vore mykje samband til St. Thomaskyrkja, anten med samlingane der som mål, eller som ein stasjon på veg til Nidaros. Framleis er det samarbeid mellom Indre Sogn og Valdres, når det gjeld gudstenestene i St. Thomas-kyrkja. Valdres har vore aktiv med å skipa til vandringer til St. Thomaskyrkja, men frå gamalt av var det folk også frå Hallingdal og Sogn som var med på stemnedagane. Med Valdres høyrande til Stavanger bispedøme, var det naturleg med liner vestover, truleg er det også difor kyrkja vart vigsla til St. Thomas då ho vart bygt kring 1180. 2. juli var i alle år messedag ved St. Thomaskyrkja, på Syftesok, eller St. Svithuns dag. Dette vart fastsett av presten i 1615. Stemnedagen vart etterkvart meir enn ein kyrkjedag, kjøp og sal og eit stort folkeliv. Kyrkja vart rive i 1808, truleg som reaksjon mot tilhøva på stemna. Men det er stor grunn til å sjå atterreisninga av St. Thomaskyrkja, med nybygg vigsla i 1971, som eit teikn på kor sterk tradisjonen har vore.

Kyrkja hadde fått undergjerande kraft, folk som dro dit fekk helsa attende.

Gåvelistene for St. Thomaskyrkja frå 1743 til 1807 dokumenterar at også folk i Sogn har vore knytt til kyrkja. I alt er det 140 nemnte gjevarar, dei fleste frå Valdres. Men det er også folk frå Lærdal, Årdal, Sogndal, Hafslo, Luster, Leikngar og Vik i Sogn.

Kyrkjekyr knytt til St. Thomaskyrkja er eit anna døme på tilknyttinga til Sogn. Desse kyrne vart leigd bort, slik at leigaren betalte ein årleg sum. Etterkvart gjekk ordninga over til å vera ei årleg avgift, ikkje ei konkret ku. Ordninga heldt seg heilt til 1939. To døme frå Sogn, er ein bonde frå Hafslo i 1748, og frå 1792 er det nemnt om ein bonde frå Årdal som gav ei kvige.

Vegen over Filefjell har vore ferdselsveg frå vest til aust i mange generasjonar, med val av denne vegen som moderne stamveg er det auka trafikk over fjellet..

I Indre Sogn forvaltar vi ein unik kyrkjehistorisk arv, i mellomalderkyrkjene og stavkyrkjene våre. Arven gjev oss identitet, men den høyrer også til komande generasjonar. Kyrkjene og kyrkjesoga er viktig i trusopplæringa, vitjingar og vandringer gjev gode opplevingar for fellesskapet mellom generasjonane.

Vi voner det kjem mange gode opplegg etter ideane i utgreinga, ikkje minst ei bok som kan gje eit oversyn over alle vegane til Nidaros og alle viktige pilegrimsmål undervegs. I denne samanheng må St. Thomaskyrkja vera med og ha sin sjølvsagt plass for framtida.

Frå prostiet si side vil vi auka merksemda kring lokale vandringar.

Vi vil også byggja ut sambandet med Valdres slik at St. Thomaskyrkja også i framtida vert ein viktig møtestad mellom vest og aust.

Det vil også vera naturleg å arbeida for at pilegrimsvegen vest – aust, vert knytt saman med pilegrimsleden til Nidaros, slik kan vi verta ein del av den nasjonale satsinga på pilegrimsmotivet.

Vi vil gjerne føreslå at dette vert vurdert som nytt tiltak under *Tiltak 23.2, tiltak 2 i, Nye pilegrimsleder*.

Dette tiltaket vil vera viktig for å styrka pilegrimsmotivet i Sogn- og Fjordane.

Vi trur og at Vestvegen over Filefjell, knytt saman med pilegrimsleden til Nidaros, vil styrka Vestlandet si regionale forankring til pilegrimsmotivet som nasjonalt utviklingsprosjekt.

Med helsing

Jermod Hausberg
Prost i Indre Sogn prosti.